



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

---

Kommunestyret

Vår sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Dykkar ref.:  
Vår ref: 2016/36  
Vår dato: 27.09.2017

### **Partsbrev vedr. forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2018**

Vedlagt følger partsbrev med forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2018.

Viser til vedtak i kontrollutvalet og ber om at budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret.

Med helsing

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kari Marie Nygard  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi til:  
Ordførar  
Rådmann  
Økonomisjef  
Utvalseiar

Arkivsak: 151  
 Arkivnr: 2016/36-22  
 Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	31/17	19.09.2017

## Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2018

### Bakgrunn

Av "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner" finn ein i § 18 formuleringa om at kontrollutvalet skal utarbeide framlegg til budsjett for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen:

#### § 18. Budsjettbehandlingen

*"Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapet/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget.*

I reglementet, som er vedteke av kommunestyret 23.04.2014, og revidert ved vedtak i kommunestyret 21.12.16, står følgjande om framlegg til budsjett for kontrollutvalet:

*«Kontrollutvalet kjem med framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen, som skal følge formannskapet sin innstilling til kommunestyret.»*

I tråd med dette fremjar kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2018. I budsjettframlegget bereknar kontrollutvalet kostnad med dei oppgåver budsjettet skal dekke. «Veileder til KOSTRA» skildrar og kva funksjon 110 – kontroll og revisjon, skal dekke:

*«Utgifter og inntekter knyttet til kommunenes kontrollutvalg etter kommuneloven § 77 og revisjon etter kommuneloven § 78. Herunder møtegodtgjørelser og andre utgifter knyttet til møteavvikling i kontrollutvalget, utgifter knyttet til kontrollutvalgssekretariatet, og utgifter knyttet til regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Funksjonen omfatter ikke administrative internkontrollsystemer som er underlagt administrasjonssjefen.»*

### Drøfting

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i gjeldande revisjonsavtale, som tok til å gjelda frå 01.07.17. Budsjettert kostnad med revisjon skal dekke både arbeid med rekneskapsrevisjon og anna revisjonsarbeid, t.d. prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. I budsjettframlegget er revisjonskostnader delt på to postar. Ein post for kostnader med rekneskapsrevisjon og ein post for oppdrag bestilt av kontrollutvalet ut frå godkjende planar. I tråd med inngått avtale er det ikkje lagt inn konsumprisauke for 2018.

Vidare er det lagt til grunn at det vanlegvis er 5 møter i kontrollutvalet for året, med om lag like stor saksmengde som "eit vanleg år". Det er vidare lagt inn kostnader med kurs / opplæring for medlemmane i kontrollutvalet og servering på utvalsmøta. Elles er det lagt inn møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste i tråd med godtgjerslereglementet til kommunen. Det er og lagt inn ein sum til folkevaldopplæring på Solstrand for heile utvalet i januar 2018.

Budsjettposten som gjeld sekretariatstenester for kontrollutvalet er sett opp ut frå planlagt aktivitet og antall møter. Kostnader er berekna i tråd med ny avtale som er inngått mellom Fitjar kommune og Hordaland fylkeskommune, og som tok til å gjelda frå 01.01.2017.

### **Om oppgåvene til kontrollutvalet**

I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar står det dette i § 10:

#### **”§ 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon**

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.”*

#### **”§ 13. Selskapskontroll**

*«Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.*

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.*

*Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.»*

Formuleringane i desse paragrafane viser at hovudoppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføra prosjektarbeid ut frå dei planar som kommunestyret har vedteke. Det er vedteke planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i kommunestyret 16.11.16.

I kontrollutvalet sitt budsjett bør det leggest inn midlar til å gjennomføra prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i tråd med planane. Ut frå gjeldande planar vil prosjektarbeid krevje ei ramme på omlag 300 timar for kommunar med Fitjar kommune sin storleik.

Det er og lagt inn i budsjettet ein post for ekstra tiltaksmidlar. Dette er midlar som er tenkt til ev. ad-hoc oppgåver, til dømes tiltak som måtte koma til utanom prosjekt frå planane, og til utgreiingar som kontrollutvalet finn naudsynt å gjennomføra undervegs i året, evt. evaluering av planar. Bakgrunnen for slike ekstra oppgåver kan t.d. vera medieoppslag eller bestillingar frå kommunestyret som ikkje står i godkjend plan, eller henvendingar frå innbyggjarar.

Kontrollutvalet i Fitjar kommune har dei siste åra hatt svært knappe rammer for å gjennomføra sine pålagde oppgåver. Til dømes har budsjetttramma for arbeid med forvaltningsrevisjon ikkje vore stor nok til at eit heilt prosjekt kan gjennomførast i løpet av 1 år. Det har vore naudsynt å dela prosjekt over 2 år. Kontrollutvalet meiner dette er svært uheldig, og har sett at det medfører at gjennomføringa av prosjekt er lite effektiv. Då kommunestyret vedtok «Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020», vart det fatta vedtak om å setja prosjekt med å sjå på IKT-tenesta i Fitjar kommune som prioritert prosjekt. Men det vart ikkje løyvt tilstrekkeleg midlar til gjennomføring i 2017. Kontrollutvalet har såleis vore nøydd til å dela prosjektet over 2 år. Det vil bli lagt fram rapport etter forvaltningsrevisjon av IKT-tenestene utpå våren 2018, og resultatet kan bli at rapporten vil vera til lite hjelp for kommunen når det gjeld rettleiing og gode råd til korleis det kan vera aktuelt å organisera IKT-tenestene på ein god måte. Ressursbruken til dette prosjektet kan såleis verka lite effektiv.

Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett for 2018 legg opp til å kunna utføra oppgåvene sine med å gjennomføra prosjekt ut frå dei planar som er vedteke av kommunestyret.

### **Konklusjon**

På slik bakgrunn tilrår sekretariatet at kontrollutvalet godkjenner framlegget til budsjett. Budsjettframlegget skal så følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Det er kommunestyret som skal gjera endeleg vedtak når det gjeld budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Fitjar kommune.

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2018.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 19.09.2017**

#### **Handsaming i møtet:**

Sekretariatet gjennomgjekk framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2018. Kontrollutvalet drøfta einskildpostar, men utvalet ville ikkje gjera endringar i forslaget som ligg føre. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2018.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kari Marie Nygard  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

#### Vedlegg:

- Taldel for framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2018